

# KYRKJEBLAD

55. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2/2001

## Les i kyrkjebladet

Påsketankar side 3

11 åringar i Vaksdal kyrkje  
«Led vår ungdom...» side 4

Nytt frå kyrkjeverja side 5

Jakob Sande sin påskesalme side 6

Familiedag på Lid side 7


70 åring gav gjestene ei gåve side 8

Kva gjer kyrkja? side 9

Preikelista side 11

Slekters gang  
Tips til flyttarar  
Internett-adresser side 12

## PÅSKE



Illustrasjon: Kristeleg pressekontor

**VAKSDAL PRESTEGJELD****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkevegen 3  
5721 Dalekvam

**Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29**

**e-post:**

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

**Ekspedisjonstid:**

**Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,  
onsdag kl 10.30-13.30**

**Kyrkjevevje Svein Tøsse,**

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobil tlf. 95 97 99 05

**e-post:**

kyrkjevevja@vaksdal-kyrkjer.no

**Sokneprest Frode Kvamsoe**

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

**e-post:**

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobil tlf 90196514

e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

**Kapellan Edvard Bø**

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobil tlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**KYRKJEBLAD FOR  
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

**Bladstyrar:**

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de øvst i denne spalta.

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk**

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome til Kyrkjekontoret innan

**30.mai 2001**

Bladet kjem ut i veke 25 som byrjar  
med 18.juni

**Vår**

Våren er ikkje alltid så grøn, den kan vere grå, gul, brun og støvete, med solglytt som lokkar ein ut på verandaen, der vinden ventar på å kjøla den delen av kroppen som vender bort frå sola.

Våren er telefonar frå nokon som har vore på gravplassen og melder at vatnet ikkje er sett på, benkar manglar, avfallsdunkar er fulle, gravminne skeive, eller at bjørker er brotna etter snøfall og vind.

Våren er eit kapplau, der gatekosting og bossplukking skal skje på same tid som klipping av hekkar og tømning av fulle avfallsdunkar på gravplassane.

Våren er eit rekneskap, der me finn "feilposterte" gravkransar, "utegløynde" fakkellboksar, og "overskridingar" i avfallsdunkane.

Og medan ein er inne på rekneskap: I desse dagar arbeider kyrkjeleg fellesråd med å omarbeide budsjettet for 2001. Det skal kuttast på postar, og flyttast på pengar. Å redusere eit budsjett med 450 000 kroner er ingen spøk, når ein veit at heile vedlikehaldsbudsjettet for kyrkjer og gravplassar opphavleg var på vel 300 000.

Auka feriepengesats, arbeidsgjevaravgift, gravekostnader og kyrkje-forsikring skal dekkjast inn sjølv om løyvingane ikkje vert auka.

Fellesrådet er budd på å ta sin del av arbeidet med å få kommune-økonomien i balanse.

Tida vil vise om midlane rekk til å halde kyrkjene og gravplassane i stand, og til å få utført våre lovpålagde oppgåver.

**KYRKJESTADEN****DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

**kr. 100,-**

**hjá Petersen & Ypsøy  
og på Kyrkjekontoret.**

**Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
5721 Dalekvam .  
Tlf. 56 59 39 20**

**GODKJENDE  
LEVERANDØRAR  
AV GRAVMINNE**

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner. Alle gravminne må vera innaforskriftene i gravferdsloven.

Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

**Åsane stein AS**

**Sæthre steinindustri AS**

**Kjøll Stenindustri**

**Øien steinhuggeri**

**Brødrene Strand Stenhuggeri AS**

**Decoform Gravmonumenter AS**

**Eikner Naturstein AS**

**Alle andre leverandørar pliktar å  
søkje om godkjenning for kvart  
einskild gravminne fram til at  
gravminnekatalogen er godkjent.  
Godkjenninga andre kommunar  
gjev ikkje automatisk godkjenning i  
Vaksdal.**

## Vi er sette til å vere truas krossberarar



For ein rekke år sida, ja på syttitalet var det vel, hadde vi Bortens borgarlege samlingsregjering. Han tala om at det å halde regjeringa samla var som å bere staur. Dei har det med å sprike i alle retningar. Eg er bymann og har ikkje bære så mykje staur i livet mitt, men eg veit no at det å skulle få med seg ein stabel med plankebitar når ein skal byggje noko på hytta til dømes, fort blir til krossar som er tunge å bere, ikkje berre av di dei veger så mykje, men dei har det med å kome borti alt mogeleg så eg må stogge og samle dei ulike bitane saman for å kome vidare att. Er ikkje livet ofte slik? Ei vandring med ulike stopp der ein strever med å få med seg det ein treng. Utfordringane kan vere ulike og mange. Freistinga er å røma unna. Dette vil eg ikkje, eller bryr eg meg ikkje om. Vi er kanskje ikkje eingong medvitne at stauren bør lyftast og flyttast på. Han ligg så godt der han ligg for seg sjølv bak løa til han rotnar. Samstundes går buskapen fritt omkring for der finst ikkje noko som stoggar dei. Nei, ingen har sett opp gjerder mellom stauren som seier: hit, men ikkje lenger er det tilrådeleg å gå.

Vi er i biletspråket. Det er Jesus og når han seier i Lukas 14.27: **"Den som ikkje ber krossen sin og fylgjer etter meg, kan ikkje vera min læresvein."** Dette lyder som svært tunge ord for oss. Var det ikkje

slik at Jesus sa at han skulle ta børa vår så vi kunne sleppa. Er ikkje evangeliet det at vi nettopp ikkje kunne klara å bere vår eigen syndebør, og at Jesus døydde for vår skuld for at vi skulle verte fri. Kva er då denne børa som han kallar krossen vår?

I bibelen har denne teksta fått overskrifta: *"Kva det kostar å vera ein læresvein"*. Vi må være budde på at det kostar noko å tru på Jesus. Når vi held fram påskebodskapen som sanninga, så er det mange som vil svare at det du der seier trur eg ikkje noko på. Korleis kan nokon stå opp at frå dei daude? Nei korleis kan dei det? Eg og, presten, vert svar skuldig. Men det er no dette eg trur på og byggjer livet mitt på. Det er no denne trua som gjer at eg kvar sundag held gudsteneste. Krossen min er vel den at med min beste forstand kan eg ikkje overtyda ei einaste sjel til å tru på bodskapen om Jesus. Det er berre bodskapen sjølv som kan overtyda til tru. Eg kan berre forkynne kva *eg* trur på. Så får eg vente i tolmod. Ja, som bonden som set poteter i jorda om våren. Han kan ikkje vite om det blir noko avling til hausten. Han får berre håpe og tru. Det vart no ei avling i fjor og året før.

Det er ikkje sikkert at den krossen du skal bere, er den same som min. Vi har kvar vår eigen kross å bere. Vi kan stø kvarandre og bera saman. Men det er og bærer i livet du må bere åleine. Som Kristus var trufast åt Gud og bar sin kross for vår skuld, treng vi og som hans læresveinar å vere trufaste til å bere vår tru på Kristus ut til menneskja ikring oss. For utan at dei møter ei levande tru hjå oss som er læresveinane hans, korleis kan dei sjølve verte truande læresveinar?

Riktig God Påske.  
Helsing kapellan Edvard Bø



**"GODT NYTT" TIL 5.KLASSE I VAKSDAL KYRKJE 18. FEBRUAR**

Foto: Bjørn Knutsen

**"LED VÅR UNGDOM PÅ DINE VEIER"**

Vi som er eldre, og mange med oss, kjenner disse ordene fra vår gamle kirkebønn. Bønnen ble bedt i hver eneste kirke i hele vårt land, og i mange misjonskirker, der bønnen var blitt oversatt til landets språk.

Sommeren 1932 var det Nordisk misjonsmøte i Oslo. Alle Skandinaviske land var representert. Det ble en stor forsamling. Vi som var elever ved NMS Kvinnelige Misjonsskole i Oslo, fikk innbydelse å delta en dag. Det ble en uforglemmelig dag. Emnet den dagen var "Ungdommen for Jesus Kristus". Fire kvinnelige misjonærer, en fra hvert land, skulle ha sin misjonstime.

Fra Norge ble det en misjonær-hustru som hadde vært i China for NMS. Det ble en gripende time. Det var som hele ungdomsflokken stod frem, en etter en. Den danske ungdomsprest Olfert Ricards brennende bønn for de unge: "Ungdommens

Frelser, hør oss når vi beder" med sine tre vers, stod så klart frem for oss alle. Og så kom talerens uforglemmelige ord: "Kjenner dere ikke hvordan det tar dere i hjertet når dere hører bønnen "Led vår ungdom på dine veier." Jeg har kjent det siden. Nu brukes bare andre ord, men meningen er der. Og bønnesalmen finner vi i våre salme- og sangbøker.

Gud hører våre bønner. Jesus sier i Joh.16, "Bed, og dere skal få, for at eders glede kan bli fullkommen." Men la oss heller ikke glemme formaninger i Jakobs brev 4,2 siste linje: "Dere har ikke, fordi dere ikke ber."

La oss alle ta den gamle kirkebønn med i våre bønner. "Led vår ungdom på dine veier." GUD hører vår bønn. Og Jesus har sagt: "Meg er gitt all makt i himmel og på jord."

Hilsen til alle.  
Gunvor Bjørsvik

## Nytt frå kyrkjeverja

I det fyrste kyrkjebladet i år starta me ein føljetong med informasjon om kyrkjer og gravplassar i dei 6 sokna me har i kommunen. Vaksdal kyrkje og Vaksdal gravplass fekk æra av å verte presentert fyrst. Denne gongen tek me for oss Dale sokn, med Dale kyrkje. Dale gravplass og ikkje minst Stanghelle gravplass, der det er planlagt ei utviding, vil me koma attende til i neste nummer.

### Dale kyrkje

Dale kyrkje, vigsla i 1956, er den nyaste kyrkja i kommunen. Den vart bygd til erstatning for den fyrste kyrkja på Dale, som vart for liten. Kyrkja er bygd i betong, og tårnet er murt i tegl.

Kyrkja vart teikna av arkitekt Arnstein Arneberg. Opphavleg var kyrkja planlagt med kyrkjelydshus forma som eit tilbygg til kyrkja. Dette vart utsett grunna kostnadene.

### Vedlikehald utvendes

Dale kyrkje er i god stand utvendes, og er nok den mest vedlikehaldsfrie kyrkja i kommunen. Dersom ein ser bort frå misfarging i målinga rundt inngangspartiet, treng ho ikkje måling så ofte. Dørene til sakristiet og bårerommet er tunge, og må "strammast opp" i ny og ne.

Regnvatn frå Lia og tunnelen renn ikkje alltid ned i avlaupet, og bløyter opp plenen langs kyrkja. Dette skjer berre ved større nedbørmengder og i vårløysinga, og er råd å leve med.

### Vedlikehald innvendes

Kyrkja fekk i 1999 ei uventa oppussing av golvbelegg og radiatorar, då ein vasskran på eit toalett vart ståande open. Sluken i vasken klarte ikkje å ta unna vatnet, og då klokkaren kom innom kyrkja, stod vatnet 8-10 cm over heile kyrkjegolvet. Reparasjonane var omfattande. Benkane og radiatorane vart flytta ut, og nytt belegg kom på plass.

Orgelet, som ekspertar meiner bør vernast, er sårbart for variasjonar i luftfukt og temperatur. Då kyrkjegolvet var fullt av vatn i 1999, viste fuktmålarane 90% relativ fukt i kyrkja.

Orgelet blei difor kledd inn i plast, slik at ein kunne tørke opp kyrkjegolvet med vifter utan at orgelet tørka for fort opp. Det ser heldigvis ut til at det ikkje har fått skadar etter hendinga.

Det vert nytta tre store luftfuktarar i kyrkja, og desse har diverre gått ut på dato. Dei siste to reservemotorane i landet er no på veg til Dale, men for dei 6 andre luftfuktarane av same slaget rundt i kyrkjene er framtida uviss....

Pris på ein ny fuktar er kr 30 000,-

### Tilkomst til inngangspartiet

Inngangspartiet vart bygd for spreke folk. Det er i alle høve litt for mange trappetrinn frå fortauet og opp til døra. Rullestolbrukarar må i dag nytte inngangen gjennom sakristiet.

Dersom det skal byggjast ein rullestolrampe opp til hovuddøra, må den og kunna nyttast av andre som har vondt for å føte seg. Underteikna har vanskar med å finna ei tenleg løysing på dette så lenge nabohuset, forsamlingshuset, står der det står i dag. Ei rullestolrampe må ikkje ha brattare stigning enn 1:12, og vert difor svært lang dersom ein ikkje har høve til å løfte terrenget framfor kyrkja. Det vert arbeidd med å finna ei løysing på problemet, slik at alle som ynskjer det kan ta seg fram utan for store hindringar.



**Inngangspartiet ved Dale kyrkje**

Foto: Kyrkjebladet

### Dale gravplass, Stanghelle gravplass

Trinn for trinn vert Stanghelle bygd ut, og folketalet aukar jamt. Det er i gravferdslova reglar for kor mange tilgjengelege graver ein skal ha i høve til folketalet. Dette har fortalt oss at gravplassane i Dale sokn må utvidast for å kunne dekkje trongen i framtida.

Dette vil verte omtala serskild i det neste nummeret av kyrkjebladet.



# Jakob Sandes sterke påskesalme

Av Torbjørn Greipsland, KPK

- Berre ein som sjølv har møtt evangeliet, kan skrive ein salme som den Jakob Sande har gjeve oss for påska.

Det er generalsekretær Niifore Andersen som seier dette til Kristelig Pressekontor om salmen "Du som låg i natti søe", som Sande skreiv i 1931, berre 25 år gamal. Andersen har opp gjennom åra både som tidlegare forlagsjef og som medlem av Kulturrådets ankenemnd for litteratur, men aller mest for sin eigen del-vore opptatt av salmar og dikt.

Om Sande sin salme seier han dette: - Eg er så glad i den!

Som folk flest veit, er Jakob Sande mest kjend for viser med ikkje alt for kristelege tema. Mange kjenner til hans fine julesalme, "Det lyser i stille grender", men få kjenner påskesalmen. Salmen er med både i "Norsk Salmebok" og i "Sangboken".

## Sentral påskesalme

- Denne salmen er ein av dei mest sentrale påskesalmane vi har. Teksten går direkte og djupt inn i det som er evangeliets innerste kjerne og lang-fredagens sterke innhald. Med ei kraftig nynorsk språkdrakt og sterke ord teiknar han eit bilde av den krossfesta og døyande Kristus. Men han vert ikkje verande i den fysiske lidinga. Sande trengjer inn i evangeliet og frelsa sitt mysterium. Salmen vert avslutta med ein syndars bøn om nåde – ekte og sterkt:

"Lær mi sjel kor du laut lida, Syn meg såret ditt i sida, Styrk og nær mi veike tru. Syn meg dine merkte hender, Så eg frelst mitt auga vender Opp til deg på krossen, du."

Om Jakob Sande seier Andersen at han var ein samansett kunstnar, ei kjenslevar sjel og eit leitande menneske.

Men her i denne salmen har han for alle tider meisla inn si vedkjenning til den lidande og krossfesta Jesu Kristus: "Å lat nådens blodstraum nå meg. Offerlam frå Golgata!"


## Påskesalme

*Du som låg i natti seine,  
Sorgtyngd, vanvørd og åleine,  
Skjelvande på såre kne,  
Du som skåli trufast tømde  
Medan alle dine rømde,  
Stridsmann frå Getsemane.*

*Du som spotta vart og banna,  
Kront med klungerkrans om panna,  
Medan augo brann i sorg,  
Du som stod i namnlaus pine,  
Skild frå dei du kalla dine,  
Einsam i Pilati borg!*

*Du som hekk til krossen nagla,  
Medan blodut sveitte hagla  
Frå di panne då du sa:  
"Fader, kvifor gjekk du frå meg!"  
Å, lat nådens blodstraum nå meg,  
Offerlam frå Golgata!*

*Lær mi sjel kor du laut lida,  
Syn meg såret ditt i sida,  
Styrk og nær mi veike tru.  
Syn meg dine merkte hender,  
Så eg frelst mitt auga vender  
Opp til deg på krossen, du.*



**Jakob Sande**

KPK-foto: Gyldendals Bildearkiv.

## FAMILIEDAG PÅ LID

Søndag 18.03.01 var det søndagsskule-samling på Lid i Bergsdalen. Har i den anledning lyst til å koma med nokre positive og rosande ord kring dette arrangementet.

Me var fyrst samla til ei svært barnevenleg familiegudsteneste i kyrkja, der store og små kunne delta i dei ulike kjente søndags-skulesongane. Det som nok sette ein spiss over det heile, var nok den enkle men konkrete måten budskapet for dagen vart presentert : gjennom eit skodespel der både prest og to søndagsskuleleiarar var aktørar. Ein ny og fengande måte som nok borna sette stor pris på.

Deretter gjekk me til fine dekkja langbord i kyrkjekjellaren, der mat og drikke vart servert. Praten gjekk livleg over borda, og både store og små fekk høve til å verta betre kjende på tvers av bygdene. I alt kunne ein då telja til nærare 50 personar.

Når alle magar var fulle, bar det ut til moro i akebakken, der blant anna stafett og små konkurransar stod på programmet. I alt kan det seiast at det var nokre vel anvende timar som me håpar at me får høve til å delta på fleire gonger.

Vil og nytta høvet her til å gje ein spesiell ros til våre to søndagsskule-leiarar, Eidrun og Arne, som alle dei søndagar gjennom heile året opnar heimen sin for våre born. At dei fyller stova si med 14-16 skravlande og intense små, og at dei alltid er like smilande når dei ynskjer velkomen. Borna våre og me som foreldre set stor pris på dette, og håpar at me får høve til å oppleve desse søndagane i lang tid framover.

**Med helsing  
Lisbeth Lunde**



Foto: Tore Raum

## 70-ÅRINGEN SOM GAV GJESTENE EI GÅVE!



Marianne Juvik Sæbø syng med Dale Mannskor.

Foto: Vaksdal Posten

**Dale Mannskor er 70 år** år, og jubileet skal sjølvsagt markerast med konsertar. Den fyrste konserten hadde Mannskoret i Dale kyrkje laurdag 24. mars, der dei samla omlag 250 songarar, musikarar og tilhøyrarar i kyrkja denne solfylte ettermiddagen.

Marianne Juvik Sæbø song både åleine og saman med mannskoret. Dei avslutta konserten med Amazing Grace, som dei og song saman i Dale kyrkje for om lag fem år sidan. Med seg på konserten hadde mannskoret invitert Laksevåg Blandetkor – mannskoret song på deira jubileumskonsert i Bergen i fjor. Per Jørgensen på trompet og Olav Arne Steinkopf på orgel gav med sine bidrag spenst og variasjon til konserten som vi tilhøyrarar sette stor pris på.

Trass i gjestene – det var Dale Mannskor sin konsert. Dei om lag 40 songarane i koret fylte kyrkjerommet med sterk og vakker song. Ja, ikkje berre kyrkjerommet, men og hjarto til dei aller fleste som var til stades, vil eg tru. Når så songen bar fram meinings- og trusberande tekstar, rett nok og på engelsk og latin(!), gjorde dette konserten til ei oppleving av dei store og gode. I opningsnummeret stod koret langs vegg og song sitt eige arrangement av Veni Sancte Spiritus ("Kom, Heilage Ande"), medan Sæbø, Jørgensen og Steinkopf song og spela på galleriet. Denne bønna i opninga av konserten

lyfte, i alle fall for meg, konserten opp på eit høgare plan enn ein konsert oftast gjer. Det var ein konsert, men samstundes vart det og ei gudsteneste!

I mange år var Mannskoret nært knytt til Dale kyrkje, då dirigentjobben var ein del av organist Lars Ragnvaldsen sin faste stilling. Såleis vart det ein tradisjon at Mannskoret song i Dale kyrkje mellom anna i 1. mai-gudstenesta og Juledagsgudstenesta. Etter at Ragnvaldsen byrja som kantor på Voss, har det vorte mindre gudstenedeltaking for koret. Men at dei framleis har mykje kyrkjeleg stoff å by på, fekk vi eit døme på denne laurdagen. To av songane var laga av Knut Nysted, og han arrangerte dei for Mannskoret i 1970. Fram til i fjor var det berre dei som fekk nytte dette arrangementet, men no har det allereie vorte eit etterspurd arrangement for andre mannskor.

Dale Mannskor held fram med feiringa utover året. I mai er dei vertar for eit korstemne, og i sommar skal dei på tur til Budapest, der dei mellom anna skal syngje til gudsteneste i ei av dei største kyrkjene i verda, Matiaskyrkja. Til hausten vert det nok ein jubileumskonsert, denne gongen i Dalehallen.

Takk for konserten, og til lukke med jubileet, Dale Mannskor!

**Frode Kvamsøe**



## FELLES HØGTIDSGUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG I DALE KYRKJE

1. påskedag vert det igjen felles høgtidsgudsteneste, denne gong i Dale kyrkje. Det er fint å kunne samlast på ein slik måte til ei feiring av Jesu oppstode.

Me ynskjer å fylle gudstenesta med mykje song og musikk, og utfordrar her alle som har lyst til å vere med i forsongarkoret. Me møtest kl.09.45 for ein times øving og gjennomgang av det som koret er med på. Repertoaret inneheld ein bibelsk salme, fullstendig gloria, nokre diskantar m.m. ettersom tida strekk til.

Det vert kyrkjeskys frå Vaksdal, sjå nærare oppslag. Me satsar på god oppslutning denne dagen så det kan verte ei skikkeleg festgudsteneste.

## ORGELRESITASJON I VAKSDAL KYRKJE SKJÆRTORSDAG

**Skjærtorsdag** vert det orgelresitasjon i Vaksdal kyrkje kl. 19.30, i førekant av gudstenesta. Ved orgelet sit kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Me får høyre verk av m.a. J. S. Bach og J.Brahms.

## DALEDAGANE

Under Daledagane (8. og 9.juni) vert det minikonsert i Dale kyrkje ved Olav Arne og Tone Synnøve Steinkopf. Det vert ca. ein halv times program med Wienerklassisk musikk av Mozart, og litt romantisk musikk av Franck. Mellom anna eit verk for orgel og klaver!

(Sjå når programmet for Daledagane kjem)

## UNGDOMAR MED DANS OG DRAMA I GUDSTENESTA

**Sundag 29 april** er dagen for samtalegudstenesta for konfirmantane på Vaksdal, Dale og Stamnes. Dei har ei felles samtalegudsteneste i Dale kyrkje, slik dei har hatt dei siste to åra. Gudstenesta kallar vi **Ung Messe** då dette seier meir om kven som er med i gudstenesta. Noko særleg med samtale vert det ikkje den dagen, men gjennom dans, drama og song vil konfirmantane formidle noko av den kristne bodskapen. Dei får nytte seg sjølve, meir og mindre heile kroppen, og vil difor setje sitt preg på det som skjer. Nokon av konfirmantane vil arbeide med praktiske oppgåver rundt gudstenesta.

Ei gudsteneste er ikkje berre det som skjer framme i kyrkja, for både før, under og etter må høva leggjast til rette for at gudstenesta skal fungere.

Namnet Ung Messe er ikkje meint å skremme nokon frå å kome til kyrkja denne sundagskvelden, om dei ikkje skulle føle seg så ung lenger. Innhaldet i gudstenesta vil vere kjent for dei fleste, men forma – måten å formidle innhaldet på – er kan hende ny og uvant. Gudstenesta er ikkje berre for konfirmantane og familiane deira. Alle er hjarteleg velkomne.

Vi trur at ein kvar som kjem får seg ei sjeldan og god gudstenesteoppleving i Dale kyrkje siste sundagen i april!

## KYRKJETENARAR OG KLOKKARAR

For tida er tre av kyrkjene våre utan tilsett kyrkjetenar og klokkar. Det er Dale, Eksingedalen og Nesheim kyrkjer. Dette er ein situasjon som me ikkje kan leva lenge med utan at det kan få store verknader for gudstenestene og gravferdene.

Oppgåvene til kyrkjetenaren og klokkaren er kan hende ikkje så synlege for oss som kjem til kyrkje, men dersom ingen gjer dei, vil det fort

merkast. Kva vil me seia dersom det ikkje vart ringt til gudstenester og gravferder, ljosa på alteret vart ikkje kveikt, høgtalaranlegget verkar ikkje, og så vidare.

Dersom nokon kan tenkja seg å gå inn i ei slik teneste, gjerne saman med andre i ein form for turnus, kan dei ta kontakt med kyrkjekontoret.

ALT I KJØKKENINREDNING  
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE  
SNEKKERVERKSTED

SNEKKER  
**KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Snittar \* Koldtbord \* Begravelses-sammenkomster  
\* Overtidsmat \* Møtelokale \* Video \* Stor-kiosk  
Fast-food \* Pizza \* Musikk \* Verksted \* Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.

Tlf. 56 59 67 36 - Fax: 56 59 67 75 - E-mail kaajo@online.no

Nye Dale



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.



Dalehallen, Tlf 56 59 64 44

*Har du lyst til å fornye deg?**Vi hjelper deg med ny klipp, hårfarge og make-up.*

-Kosmetikk

-Fjerning av uønsket hår

-Hull i ørene

-Hair extensions ( sveising)

-Brudepynting

Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5722 Dalekvam

**COOP** Hordaland BA  
marked  
Avd. 405 Dale  
5721 Dalekvam  
Tlf.: 56 59 60 57

Meir tid til det som er viktig

Med NettBank kan du utføre  
dine banktenester sjølv via internett

SpareBank **1** Vest

Tlf. 815 22 002 www.spv.no

**SPAR**  DALE

DALE MATSENTER

Pb. 163, 5701 Voss

tlf. 56 59 62 23

faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid &amp; peng.

**COOP**  
marked

VAKSDAL SENTER

5725 Vaksdal  
Tlf.: 56 59 46 61



PETERSEN &amp; YPSØY

Dalekvam AS

Bokhandel - Steintøy - Kiosk - Foto

Konsul Jepsensgt. 4

Telefon: 56 59 61 58 - Faks: 56 59 67 66



FRI BOKHANDEL BA

Frie bokhandlere for ferietid og fellesekap



**VELKOMEN  
TIL KYRKJE**



**8.april– Palmesøndag**

**DALE kl.11** Bø. Offer til Menighetsfakultetet.

**NESHEIM kl.11** Familie-gudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**BERGSDALEN kl.12.30** Sports-andakt i Bergsøyane. Bø.

**12.april– Skjærtorsdag**

**EIDSLAND kl.17**Bø.

Nattverd. Offer til Fagertun leirstad

**VAKSDAL kl.19.30**Orgel-resitasjon v/T.S.Ø.Steinkopf

**VAKSDAL kl.20**Bø. Nattverd.

**13.april– Langfredag**

**STAMNES kl.17**Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Redd Barna.

**DALE kl.19**

Pasjonsgudsteneste. Bø.

**EKSINGEDALEN kl.20**

Pasjonsgudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Sjømannsmisjonen.

**15.april– 1.påskedag**

**DALE kl.11** Høgtidsgudsteneste, felles for Dale og Vaksdal. Bø og Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

**NESHEIM kl.11** Lekmannsgudsteneste v/St.Markus. Offer til KFUK/KFUM Bjørgvin krets

**BERGSDALEN kl.20**Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

**16.april– 2.påskedag**

**STAMNES kl.11.**Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Bergen Søndagsskolekrets.

**22.april– 1.søndag etter påske**

**VAKSDAL kl.11**Bø. Nattverd.

Offer til Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA) i Bergen.

**29.april– 2.søndag etter påske**

**EIDSLAND kl.11**Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

**DALE kl.18** Ung messe. Bø, Kvamsøe og konfirmantane i Dale, Stamnes og Vaksdal.

**1.mai**

**VAKSDAL kl.9.30** Bø. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

**DALE kl.11** Bø. Offer til Kirkens Bymisjon i Bergen.

**6.mai– 3.søndag etter påske**

**DALE kl.11** Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kyrkjelydsarbeidet

**VAKSDAL kl.11** Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

**13.mai– 4.søndag etter påske**

**STAMNES kl.11** Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

Offer til Redd Barna.

**EKSINGEDALEN kl.11**Bø.

Nattverd. Offer til Sjømannsmisjonen.

**17.mai– Grunnbvsdagen**

**VAKSDAL kl.9.30**

Familie-gudsteneste

**DALE kl.10**

Familie-gudsteneste

**STAMNES kl.12.30**

Familie-gudsteneste

**EIDSLANDET kl.12.30**

Familiegudsteneste

**VIKTIG MELDING!**

Det er viktig at de ser etter i lokalavisene og på plakatar for å kontrollere m.a. klokkeslett for gudstenestene.

**Laurdag 19.mai**

**DALE kl.15** Songarstemne. Konsert.

**20.mai– 5.søndag etter pinse**

**VAKSDAL kl.11** Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Institutt for sjelesorg, Modum Bad.

**24.mai– Kristi Himmelfartsdag**

**VASSBAKKENSTEMNA kl.11.**

Bø. Offer til Fagertun leirstad.

Vaksdal Trekkspelklubb spelar.

**27.mai– 6.søndag etter påske**

**NESHEIM kl.11** Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til Bergen Søndagsskolekrets.

**DALE kl.19** Bø. Natverd. Offer til De fire Diakoni-institusjonene

**3.juni– 1.pinsedag**

**VAKSDAL kl.11**Høgtidsgudsteneste,

felles for Vaksdal og Dale. Bø og Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Den norske Tibetmisjon.

**4.juni– 2.pinsedag**

**STAMNES kl.11**Høgtidsgudsteneste.

Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Bymisjon.

**BERGSDALEN kl.16**Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Offer til Norsk Misjon i Øst.

**10.juni– Trieringssøndagen**

**FITJAVASSSTEMNA kl.12**

Kvamsøe

**17.juni– 2.søndag etter pinse**

**DALE kl.11** Friluftsgudsteneste

i Messehagen. Kvamsøe. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

**EKSINGEDALEN kl.11.** Bø.

Nattverd. Offer til Strømme-stiftelsen.

**STAMNES kl.19**Bø. Nattverd.

Offer til Frelsesarméen.

**24.juni– 3.søndag etter pinse**

**VAKSDAL kl.11**Bø. Nattverd.

Offer til Det Norske Misjonsselskap

**EIDSLAND kl.18**Bø. Nattverd.

Offer til Menighetsfakultetet.

**SLEKTERS GANG****DØYPTE****DALE**

- 11.03 Daniel Aron Solheim  
11.03 Hans Kristian Balestrand  
Ulveseth  
25.03 Martine Eidsnes

**BERGSDALEN**

- 25.02 Halvard Hvidsten Brekke

**STAMNES**

- 18.02 Rebekka Dalseid

**VAKSDAL**

- 04.03 Emilie Knutsen Herfindal  
04.03 Ole-Johan Faugstad Gullbrå

**EKSINGEDALEN**

- 04.03 Jakob Flatekval,  
døypd i Alta kyrkje

**AVLIDNE****DALE**

- 25.11 Olav K. Leiro  
27.11 Jorunn Pauline Fardal, f.1926  
28.11 Kristi Utskott, f.1918  
19.12 Ivar Kvarekval, f.1906  
07.01 Petra Soltvedt, f.1918  
07.01 Klara Helle, 1920  
16.02 Reidar Hesjedal, f. 1931  
26.03 Aasmund Lilleskare, f.1916

**BERGSDALEN**

- 11.01 Lars N. Lid, f.1907

**VAKSDAL**

- 27.11 Irene Stott, f.1906  
03.01 Mons Myren, f. 1913  
04.01 Else Margrethe Hansen, f.1909  
17.03 Svanhild K. Melcher, f. 1910

**STAMNES**

- 23.12 Helge Grenasberg, f.1957

**EIDSLAND**

- 05.12 Signe Eikefet, f.1912  
05.03 Arthur Jakobsen, f.1914

**INTERNETT**



Informasjon om Vaksdal prestegjeld kan du finne via ein link på sida [www.vaksdal.net](http://www.vaksdal.net). Opplysningane er enno ikkje heilt oppdaterte, noko som vert gjort om ikkje så lenge.

På [www.kirken.no](http://www.kirken.no) finn du kyrkja si offisielle heimeside, og på [www.kirken.no/bjorgvin](http://www.kirken.no/bjorgvin) kjem du direkte til vårt bispedøme.

[www.gospelsearch.no](http://www.gospelsearch.no) kan og vere ein stad å byrje, om du ynskjer stoff om kyrkje- og kristenliv. Vil du lese Bibelen på skjermen. finn du han på [www.bibelen.no](http://www.bibelen.no).

Avisa Vårt Land finn du på [www.vartland.no](http://www.vartland.no).

Om Bård-Egil Dyrhol kan den som vil, lese meir på [home.online.no/~skaarebu](http://home.online.no/~skaarebu).

**BLADPENGAR 2001**

Det var kanskje nokon som leitte etter giro til å betala bladpengar for kyrkjebladet i sist nummer.

Ved ein feil kom ikkje den med, men no er giroen her, og me vonar at mange vil nytta den.

**Bladpengar er kr. 100,** og det er høve til å gje ei gåve i tillegg for dei som ynskjer det.

**SONGARSTEMNE  
PÅ DALE 19.MAI**

Laurdag 19.mai vert det stort songarstemne på Dale. Det er Dale Mannskor som står som vertskap i samband med at dei feirar 70 års jubileum i år.


Programmet er ikkje heilt fastlagt, men det vert iallfall mykje song å høyra den dagen.

**KONSERT  
I DALE KYRKJE  
Laurdag 19.mai kl.15**

**ER DU PÅ FLYTTEFOT?**

Vi har kartongar i ymse storleiker frå flyttelasset vårt.

**Kom og hent, gratis!**



**Kari og Edvard Bø  
Vaksdalsgarden 10  
5725 Vaksdal  
Tlf. 56 59 52 64**